



BREMANGER KOMMUNE
Sakspapir

Styre, råd, utval	Behandlingsdato	Saksnr.	Sakshands.
Formannskapet	26.02.2015	022/15	TOM
Kommunestyret	12.03.2015	014/15	TOM

Avgjerd av: Saksansv.: Tom Joensen	Arkiv: K2-U01	Arkivsaknr.: 15/47
---	-------------------------	------------------------------

Vedtekter for næringsfondet i Bremanger kommune - revisjon

Vedlegg :

Dok.nr	Tittel på vedlegg
99775	Vedtekter for næringsfondet i Bremanger kommune - revisjon
98570	VEDTEKTER FOR NÆRINGSFONDET I BREMANGER KOMMUNE (gjeldande).pdf

- Framlegg til reviderte vedtekter for næringsfondet i Bremanger
- Gjeldande vedtekter

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1. Framlegg til reviderte vedtekter for næringsfondet i Bremanger kommune vert vedteke slik dei ligg føre.
2. Vedtektene vert send over til Fylkesmannen for godkjenning.
3. Administrasjonen får i oppdrag å leggje fram retningsliner for forvaltning av næringsfondet.

.....

26.02.2015 Formannskapet

FSK-022/15 Vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1. Framlegg til reviderte vedtekter for næringsfondet i Bremanger kommune vert vedteke slik dei ligg føre.
2. Vedtektene vert send over til Fylkesmannen for godkjenning.

3. Administrasjonen får i oppdrag å leggje fram retningsliner for forvaltning av næringsfondet.

.....

12.03.2015 Kommunestyret

KST-014/15 Vedtak:

- 1. Framlegg til reviderte vedtekter for næringsfondet i Bremanger kommune vert vedteke slik dei ligg føre.**
- 2. Vedtektene vert send over til Fylkesmannen for godkjenning.**
- 3. Administrasjonen får i oppdrag å leggje fram retningsliner for forvaltning av næringsfondet.**

.....

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

- Industrikonsesjonsloven (14.12.1917 nr. 16, § 2,3 ledd nr. 13, 6 ledd)
- Vassdragsreguleringsloven (14.12.1917 nr. 17, § 11 nr. 2,2.ledd)
- Vedtekter for næringsfondet i Bremanger kommune (godkjend av Fylkesmannen 12.07.2000)

Saka gjeld:

Vedtekter for næringsfondet i Bremanger kommune er frå 2000. I samband med kommunestyret sitt vedtak om Strategisk næringsplan 2015-2020 (18.12.2014) er det lagt opp til ei endring av innretning i bruk av midlar i næringsfondet. Det er såleis grunnlag for å revidere gjeldande vedtekter.

Saksopplysningar:

Ved kraftutbygging vert regulanten (utbyggjar) pålagd å innbetale ei avgift (konsesjonsavgift) til staten og til dei fylkeskommunar og kommunar som Kongen bestemmer. Avgifta er kompensasjon for del av verdien som blir skapt ved utbygging/regulering og kompensasjon for ulemper av allmenn karakter som ikkje vert erstatta på anna måte (miljøavgift). Konsesjonsavgifta er basert på berekning av kraftverket sin teoretiske produksjonskapasitet.

Vert fastsett til eit årleg beløp og indeksregulert kvart 5 år.

Regulanten kan og påleggast å opprette eit fond i dei aktuelle kommunane. Fondet og dei årlege konsesjonsavgiftene utgjer kraftfondet, eller næringsfondet.

For Bremanger sin del er fondskapitalen på 1,5 millionar kroner. Årlege innbetalte konsesjonsavgifter som vert tilført næringsfondet er ca. 4,5 millionar kroner.

Industrikonsesjonsloven og vassdragsreguleringsloven krev at kommunar med kraftfond over ein viss storleik skal ha vedtekter. KRD har i Rundskriv H-1/11 send ut standardvedtekter som kan nyttast. Bremanger kommune sine vedtekter for næringsfondet vart utarbeidd i 2000 på bakgrunn av standardvedtekter formidla av KRD i 1998 (jf. Rundskriv H-17/98). Kommunen sin vedtekter er godkjend av fylkesmannen (11.07.2000) og tilfredsstillar dei formelle krava til

vedtekter. Men vedtektene inneheld einskilde sjølvmotseiande reglar og uttrykker rammer i bruk av midlane som skapar forventningar utad og ikkje er i samsvar med dei føringane og satsingane som følgjer av nyss vedteken Strategisk Næringsplan. Eg meiner såleis at vedtektene bør reviderast for å vere meir tilpassa dagens situasjon. Framlegg til nye vedtekter skal etter kommunestyret sitt vedtak godkjennast av Fylkesmannen.

Vurdering:

Med utgangspunkt i at kommunen har vedteke ein ny Strategisk næringsplan, der ein i større grad fokuserer på tilretteleggingstiltak og utviklingstiltak for næringar/fleire bedrifter, og ein legg opp til ei årleg prioritering av tiltak (tiltaksplan) meiner eg at dei spesifikasjonane i høve til beløp til ulike type tiltak som ligg i gjeldande vedtekter bør fjernast. Det bør og uttrykkast endå klarare at tiltak i næringsplanen skal prioriterast.

Framlegg til reviderte vedtekter for næringsfondet i Bremanger tek utgangspunkt i standardvedtekter frå KRD. Jf. Rudskriv H-1/11.

Eg meiner elles at det bør lagast supplerande retningslinjer for forvaltning av fondet der vi definerer krav til søknader, fullmakter til å ta avgjerder, samt rammer, retningslinjer og datoar for søknader som gjeld kulturelle tiltak (kultur/næring) som byggjer opp under satsinga på å skape bulyst i Bremanger kommune. Dette vil kunne forenkle forvaltninga og gje endå klarare signal om prioriteringar i bruken av næringsfondet.

Økonomiske konsekvensar av framlegg til vedtak:

Framlegg til vedtak har ingen nye økonomiske konsekvensar.

Konklusjon:

Eg meiner framlegg til reviderte vedtekter for næringsfondet i Bremanger dannar eit rammeverk som legg til rette for oppfølging og prioritering av dei næringsstrategiane som kommunestyret måtte nedfelle i den til ein kvar tid gjeldande Strategisk næringsplan og tiltaksplan.

Dersom vi supplerer vedtektene med retningslinjer for forvaltning av næringsfondet, så vil vi kunne leggje grunnlag for ei målretta og effektiv forvaltning av næringsfondet. Noko som ikkje minst vil vere viktig i samband med oppbygging av det nye næringsapparatet i kommunen.